



Statens vegvesen

TOKKE KOMMUNE
Storvegen 60

3880 DALEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Carl Henrik Bjørseth / 40603339

Vår referanse:
26/122776-2

Dykkar referanse:
2024/826

Vår dato:
12.05.2026

Uttale til søknad om dispensasjon om prøveuttak av steinmassar – gnr. 48 bnr. 1 – Tokke kommune

Vi viser til høyringa datert 27.04.2026 med forslag til dispensasjon frå kommuneplanen for å gjere eit prøveuttak av steinmassar i Tokke kommune.

Saken gjeld

MTM-anlegg søker kommunen om eit prøveuttak på eigedom gnr 48 bnr 1 i Tokke kommune. Dei ynskjer å gjere eit prøveuttak av steinmassar på inntil 10.000m³ (grensa for konsesjon) for å teste kvaliteten på steinmassane. Tidlegare har det blitt funne svært gode steinmassar i nærleiken på eit vegutbetningsprosjekt til Vegvesenet. Dersom det viser seg å vere så gode steinmassar som ein trur i området kan det bli aktuelt med vidare drift, men da må det eventuelt søkjast konsesjon for uttak av steinmassar og lagast reguleringsplan.

Tiltaket ligg i LNF-område i gjeldande kommuneplan. Derfor er dette ein søknad om dispensasjon frå kommuneplanen til å gjere dette uttaket av steinmassar.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga.

Vi skal bidra til å følgje opp FN sine bærekraftsmål retta mot transportsektoren gjennom oppfølgingar av NTP-måla der hovudmålet er eit effektivt, miljøvennleg og trygt transportsystem i 2050. Under er det fem likestilte mål;

- Enklare reisekvardag og auka konkurranse for næringslivet
- Bidra til oppfyljing av Noregs klima- og miljømål
- Nullvisjon for drepne og hardt skadde i trafikken

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Kjelleveien 21A
3125 TØNSBERG

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

- Effektiv bruk av ny teknologi
- Meir for pengane

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmynde med sektoransvar innanfor vegtransport. Vårt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikktryggleik, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Gjennom vårt sektoransvar skal vi bidra til samarbeid mellom aktuelle myndigheiter, næringsliv og innbyggjarane med mål om ei berekraftig utvikling.

Vår rolle i denne saka er som forvaltar av riksvegnettet.

Våre merknadar forslaget

Vi minner om at dersom dispensasjonen innvilgast så må det fortsett søkjast om midlertidig utvida bruk av avkøyrse i tråd med veglovas § 40.

Det skal og være ein sikkerheitssone mot riksvegen i tråd med krav i vegnormal *N101 Trafikksikkert sideterreng og vegsikringsutstyr* kor det ikkje kan plasserast eller opplagrast maskinar, massar, gjenstandar og så vidare. Breden på sikkerheitssonen vil være avhengig av forhold som fartsgrense, sideterreng og andre forhold på staden, men kan forventast å krevja 6–9 meter.

Med helsing

Espen Tønning
seksjonsleiar

Carl Henrik Bjørseth

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR, Postboks 2076, 3103 TØNSBERG
TELEMAR FYLKESKOMMUNE, Postboks 2844, 3702 SKIEN